



Personvernerklæring for Flora kommune – Barnevern

Vi har fått ny personopplysningslov i 2018 etter EU si forordning (GDPR) som trådte i kraft 1. juli 2018.

BEHANDLINGSANSVARLEG

Flora kommune, ved rådmann, er behandlingsansvarleg for verksemda si behandling av personopplysningar og bestemmer formålet med å behandle personopplysingane. Det daglege ansvaret for oppgåvene er delegert. Det er berre oppgåvene som kan delegerast, ikkje ansvaret.

FØREMÅL OG BEHANDLINGSGRUNNLAG

Opplysningane som vert samla inn er naudsynte for at Flora kommune skal kunne utføre lovpålagte oppgåver etter mellom anna Lov om barnevern, Lov om offentleg forvaltning,

FAGPROGRAM

Opplysningane som vert samla inn blir lagra i tenesta sitt fagsystem.

Databehandlar for fagsystema er Visma, som har ansvar for utvikling og vedlikehald av fagprogrammet. Det er eigen databehandlaravtale mellom Flora kommune og Visma. Opplysningane vert lagra på kommunen sine egne serverar og hos leverandøren.

TRYGGLEIKSTILTAK

Det er sett i verk særlege tryggleikstiltak og rutinar for å beskytte personsensitive opplysingar. Tilsette si pålogging til fagsystemet må skje gjennom tilgangskontroll. For å komme inn i fagprogrammet må tilgangen godkjennast, og alle må underskrive eit eige it-klientskjema og teieplikterklæring. Tilgangen er styrt av tenestleg behov. Den som får tilgang skal ha sikker id og blir registrert med namn, personnummer, tittel, fagutdanning, telefonnummer og adresse. Politiattest vert kravd.

OM OPPLYSINGANE

Det vert lagra data både gjennom sakshandsaming og ved iverksetting av eventuelle tiltak. Barneverntenesta henter basisopplysningar frå Folkeregisteret (namn, personnummer, adresse, pårørande/føresette kontaktinformasjon)

Desse opplysningane vert henta inn når barneverntenesta har fått ei melding om bekymring for et barn.



Flora kommune

I undersøkingssak er hovudhensikta å innhente, bearbeide og vurdere informasjon om barnet, forholda i heim og nærmiljø. På bakgrunn av denne informasjonen vil barneverntenesta fatte ei avgjerd om barnet har behov for barneverntiltak eller ikkje. Jfr. Barnevernloven § 4-3 annet ledd skal ei undersøking gjerast så skånsomt som mogleg, og den skal ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.

Barneverntenesta henter inn opplysningar frå samarbeidspartar som til dømes: jordmor, helsestasjon, barnehage, skule, lege/sjukehus, tannlege, Bup, PPT, voksenpsykiatri, politi.

Opplysningar skal som utgangspunkt innhentast med samtykke frå foreldre jfr barnevernloven § 6-4 første ledd.

Barneverntenesta kan også hente inn opplysningar frå samarbeidspartar gjennom pålegg jfr barnevernloven § 6-4 annet og tredje ledd. Dette gjeld i tilfeller der det er mistanke om alvorleg omsorgssvikt, at barnet blir mishandla heime eller når eit barn har vist vedvarande og alvorlege atferdsvanskar.

Opplysningane kan og verte gjevne til andre partar i kommunen i dei tilfelle der det er naudsynt å utveksle informasjon.

E-POST OG TELEFON

Barnevern tenesta delar ikkje personsensitive opplysningar på e-post og tekstmeldingar, men kan ikkje hindre personar utanfor kommunen å sende slik informasjon. Vi kan ikkje svare på eller vidareseende slik informasjon på e-post eller tekstmelding. Vi gjer merksam på at e-post ikkje er kryptert og oppmodar om at de ikkje sender fortruleg og sensitiv informasjon på e-post eller tekstmelding.

BRUKARUNDERSØKINGAR

Flora kommune nyttar spørjeundersøkingar for å måle brukartilfredsheit og til kvalitetsutvikling. Føremålet med undersøkingane vert informert om på førehand. Opplysningane vert handsama anonymt og vert ikkje knytt til einskildpersonar. Det statistiske resultatet av undersøkingane er offentleg..

STATISTIKK

Opplysningar frå fagsystema kan verte nytta til offentleg statistikk både kommunalt og nasjonalt.

PERSONVERNOMBOD

Flora kommune har [eit eige personvernombod](#). Ombodet skal bidra til at vi følgjer krava i regelverk og vere bindeledd mellom deg og kommunen dersom du treng hjelp knytt til personvernrettane dine.

Du kan kontakte personvernombodet på e-post: personvernombod@flora.kommune.no.



Flora kommune

Klage til Datatilsynet

Du kan klage til Datatilsynet viss du ikkje er nøgd med korleis vi handsamar personopplysingane dine, eller du meiner handsaminga er i strid med personvernreglane. Informasjon om korleis du går fram finn du på [nettsidene til Datatilsynet](#).

Kontaktopplysingar

Flora kommune er ansvarleg for handsaminga og kan kontaktast via

E-post: postmottak@flora.kommune.no

Telefon: 57 75 60 00

Postadresse: Markegata 51, 6905 Florø